

Fylkeskappleik i Naustdal

74

Naustedalen Spelemannslag har all ære av utviklinga av årets fylkeskappleik. Ei rekkje seint innkomne påmeldingar gjorde at talet på startnummer til slutt gjekk opp i 70, og det tok 3 timar å få tevlinga unna — litt av ein prestasjon for domarkollegiet, ikkje minst. Ein har opplevd det omslaget, at medan det for få år sidan var vanskeleg å få fram eit tilfredsstillande tal tevlarar (ein hadde m.a. difor ikkje påmeldingsfrist føreåt), så har tilskipinga no nådd eit omfang som gjer at det kan bli tale om avgrensingar, t.d. ved at kvar deltakar spelar berre eit instrument, eller kvart dansepar framfører berre ein dans. Men alle som ynskjer det, må få vere med.

Det kan ikkje vere tvil om at spelemannslaga har hatt ein positiv medverknad til omslaget. Ved at dei einskilde spelemennene har vorte «scene-vane» saman med andre, er dei også blitt meir i stand til å opptre einskildvis i tevlingar. Vidare meiner vi at spelemannslaga har medverka mykje til at folkemusikken igjen er blitt så populær at eit slikt arrangement som dette sær stor interesse og fullt hus. Vi vil her også gje vår tilslutnad til den lina som spelemannslaga i Sogn og Fjordane har fylgt, nemleg at dei har tillate andre instrument enn fele. For publikum kan dette vere meir fengjande. Likevel treng det ikkje «forsimple» forståinga for folkemusikken. Det viser og døminga på fylkeskappleiken, nemleg at det var dei to reine spelemannslaga — Laget for folkemusikk Vestlandsgruppa, og Indre Sunnfjord Spelemannslag — som gjekk til topps.

I mange av våre bygder er spelemennene elles så få at laga ville gå i stå dersom ikkje fleire instrument kunne samarbeide. Indirekte gjer dette såleis felemusikken og folkemusikken ei teneste, noko Landslaget bør vere merksam på når det elles «fordømer» tilleggsinstrument.

Å gå inn på einskildprestasjonane i eit program på 70 nummer er uoverkomeleg. Det var mykje vakker framføring å sjå i dans. Blant spelemennene ein liten honnør til dei tre i den yngste spelemannsklassa som alle gjorde ein fin inn. Sjølv sagt var det hyggeleg og populært at heimbygdingen Jørund Hage gjekk til topps, men så har han også eit bogedrag og ein sjølv-tillit som gjer seg på scena.

Som nemnt tok utviklinga heller lang tid, men dette var ingen arrangørfeil. Det vart gjeve høve til publikum å gå ut og inn i salen mellom nummera. Publikum må elles få ros for ro under musikken og for fin framferd (det gjeld også under festinga). Skulebygget i Naustdal er på mange måtar ideelt for slike opplegg, med di der er mange tilleggsrom der spelemennene kan øve og stemme før dei går på scena.

Kåre Eimhjellen og Einar Eimhjellen veksla som konferansierar under avviklinga. Deltakarane var flinke til å vere på plass for kvar sin opp-treden, men vi går ut frå at dette også skuldast godt organisert opplegg. Ikkje minst har vel Einar Eimhjellen ofra mange timar på at fylkeskappleiken skulle bli så vellukka. Den nyskipa trekkspelklubben stilte elles velviljug hjelpe-mannskap. Premieutdelinga føregjekk til slutt på festen.

Det kan elles nemnast at målsmennene for spelemannslaga i fylket møttest og kom fram til at neste års tevling skal arrangerast i Stryn eller Hornindal av Hornindal spelemannslag, evt. i samarbeid med Fjelljom spelemannslag. Det vart også vedteke å halde fram med den «frie» lina når det gjeld instrumentsamansetjing for spelemannslaga.

Resultat av tevlinga:

HARDINGFELE.

Klasse A.

1. pr.: Sigmund Eikås, Indre Sunnfj. Spelemannsl. 276. Ragnvald Lunde, Hornindal 248. Arne Sølberg, Fjelljom 247.

Klasse B.

1. pr.: Svein Skjerdal, Sogndal 242. Rasmus Brendefur, Hornindal 236.

2. pr.: Einar Eimhjellen, Naustdal 204. Svein Hjellbakk, Hornindal 203.

3. pr.: Knut Sandnes, Jølster 183. Olav Otterdal, Hornindal 173. Georg Vie, Indre Sfj. Sp.lag 171. Alf Magne Hesjevoll, Jostedal 170. Lars Nygård, Hornindal 157. Olav Sunde, Austrheim 133.

Klasse C.

2. pr.: Jørund Hage, Naustdal 211.

3. pr.: Arve Takle, Brekke 175. Jan Helge Ølmheim, Sogn Spelemannslag 173.

Klasse D.

2. pr.: Per Lie, Fjellbekken 194.

2. pr.: Ashjern Sunde, Naustdal 192.

3. pr.: Sigurd Bruflot, Indre Sfj. Sp.lag 154. Dagfinn Aamot, Indre Sfj. p.lag 147. Anders Aamot, Indre Sfj. Sp.lag 144.

GJESTER.

Klasse A.

1. pr.: Finn Vabø, Fjellbekken, Bergen 264.

Klasse B.

2. pr.: Per Øyvind Tveiten, Bergen 207.

MUNNHARPE.

Klasse B.

2. pr.: Alf Magne Hesjevoll, Jostedal.

TUSSEFLØYTE.

Klasse B.

2. pr.: Arne Sølberg, Fjelljom.

KVEDING.

Klasse B.

2. pr.: Brita Hunskaar, Florø 70.

Nedst: Sigmund Eik-
ås i gang med Fani-
tullen på hardingfela,
og Anna og Lars Kre-
ken som dansar Joste-
dalsspringar.

Øvst frå v.: Arne
Sølvberg med tusse-
floyte, Brita Huns-
kaar i kveding, Jofred
Reiakvam og Bjørg
Solheim framfører
Sunnfjordspringar og
Nils Gunnar Bergstø
i lausdans i det han
sparkar hatten av
pinnen.



VANLEG FELE.

Klasse A.

1. pr.: Ragnvald Lunde, Hornindal 246.

Klasse B.

1. pr.: Arne Sølvberg, Fjelljom 238. Jon Oddv. Kandai, Breim 234.

2. pr.: Peder Råd, Breim 214. Einar Eimhjellen, Naustdal 198.

3. pr.: Einar Henden, Hennebygda 182.

Klasse D.

3. pr.: Kolbjørn Austrheim, Sandane 152.

LAGSPEL.

1. pr.: Laget for folkemusikk Vestlandsgruppa 248. Indre Sunnfjord Spelemannslag 248.

2. pr.: Naustedalen Spelemannslag 237. Hornindal Spelemannslag 234. Fjelljom Spelemannslag, Blaksæter 225. Fjellklang Spelemannslag, Stardalen 223.

DANS.

Klasse A.

1. pr.: Olna Hesjevoll m/fylgje, Jostedal, Jostedalsspringar 86. Lars og Anna Kreken, Jostedal, Jostedalsspringar 84. Anna og Ragnvald Lunde, Hornindal, Nordfjordspringar 80.

Klasse B.

1. pr.: Erna og Svein Skjærdal, Sogndal, Sogndalsspringar 84. Jofred Reiakvam og Bjørg Solheim, Naustdal, Sunnfjordspringar 83. Olav Einemo, Lærdal og Asbjørg Hustveit, Flekke, Vestlandsspringar 79. Marit Moldstad, Breim, Bjørg Fløtre, Breim, Gamalt frå Breim 79.

2. pr.: Olav Einemo, Lærdal, Aasbjørg Hustveit, Flekke, Rull 68. Kari Juklestad, Jølster og Odd Asen, Jølster, Jølstraspringar 67. Brita og Sjur Gjerde, Jostedal, Jostedalsspringar 66. Bjørg og Søren Støyva, Breim, G. frå Breim 65. Turid Grønfur, Jølster, Kjell Kvammen, Jølster, Rull 65.

3. pr.: Elsa Viken og Anders Ripe, Jølster, Jølstraspringar 62. Alf Magne Hesjevoll, Jostedal, Arnhild Sunde, Jølster, Jostedalsspringar 60. Kari Juklestad, Jølster, Odd Asen, Jølster, Rull 59. Turid Grønfur, Jølster, Kjell Kvammen, Jølster, Jølstrasp. 54.

Klasse C.

2. pr.: Kjell Folkestad, Naustdal, Torill Gundersen, Naustdal, Stoppar 68. Bente Karin Skinlo, Breim, m/fylgje, Gamalt frå Breim 66.

3. pr.: Kjell Folkestad, Naustdal, Rørespols 53.

GJESTER.

1. pr.: Lillian og Per Øyvind Tveiten, Bergen, Kvamma-springar 81. Synnøve Bongom, Bergen m/fylgje, Vestlandsspringar 77.

2. pr.: Nils Gunnar Bergstø, Bergen, Lausdans 75.

3. pr.: Svale Naterstad, Oslo, Lausdans 74. Olav Fjøl-tveit, Bergen, Tordis E. Holte, Bergen, Vestl.spr. 72. Nils Gunnar Bergstø og Gerd Akse, Bergen, Rull 69. Lillian og Per Øyvind Tveiten, Bergen, Rull 67. Gerd Akse og Nils Gunnar Bergstø, Bergen, Vestlandsspringar 61. Leif Arne Oppedal, Oslo, m/fylgje, Rull 60.

